



Vil du delta i Mammografiprogrammet?

I Noreg får alle kvinner i alderen **50 til 69** år automatisk tilbod om røntgenundersøking av brysta, såkalla mammografiscreening, **kvart anna år**. Formålet er å oppdage brystkreft i eit tidleg stadium, for at færre kvinner skal døy av sjukdomen. Mammografiprogrammet er eit offentleg tilbod som vert leia av Kreftregisteret. **Det er frivillig å delta.**

Reservert tid:

Stad:

Dersom du **ikkje vil nytte tilbodet** eller vil **endre timen**:

Vi set stor pris på beskjed dersom du ikkje kjem, da kan andre ha glede av din time.



Når du skal avgjere om du vil **nytte dette tilbodet**, rår vi deg til å lese om kva [mammografiscreening kan innebere](#) og korleis undersøkinga er lagt opp.

Sjå neste side for å lese om **betaling, reisekostnadar, førebuing og praktiske forhold** ved undersøkinga.



Sjå også www.kreftregisteret.no/mammografi

Med vennleg helsing

Solveig Hofvind

Solveig Hofvind, leiar for Mammografiprogrammet



Vi ber deg om å ringe oss dersom du:

- Har teke mammografi i løpet av dei siste seks månadane
- Går til behandling/kontroll etter brystkreftoperasjon, og ikkje har avtale med legen din om at nokon av kontrollane skal gjerast i Mammografiprogrammet
- Er rullestolbrukar, har andre funksjonshemmingar eller behov for tilrettelegging

Bruk telefonnummeret på fyrste side for nærmare avtale!



Betaling og reisekostnader

- **Pris kr.**
- Beløpet inngår ikkje i frikortordninga.
- Vi ser helst at du betalar med bankkort, men bankgiro er òg ei moglegheit.
- Du må sjølv dekke eventuelle reisekostnader. Screeningundersøkinga inngår ikkje i ordninga for pasientreiser.



Korleis skal du førebu deg?

- Ikkje bruk talkum eller kremar i brystregionen den dagen du skal undersøkast, da dette kan gjera det vanskeleg å vurdere bileta.
- Ver vennleg å unngå parfyme, da dette kan utløyse allergiske reaksjonar hos dei som utfører undersøkinga.



Korleis får du resultatet?

- Alle får skriftleg beskjed om resultatet.
- Vanlegvis tek dette 2 – 4 veker

Reservasjonsrett

Kreftregisteret registrerer relevante opplysningar knytt til screeningundersøkinga di, i samsvar med kreftregisterforskrifta. Opplysningane vert brukte i planlegging og til utsending av invitasjonar, og i kvalitetssikring, evaluering og forskning i Mammografiprogrammet.

Du har rett til å reservere deg mot at personopplysningane dine (namn, adresse og fødselsnummer) knytt til screeningundersøkingar med normalt funn vert lagra permanent i Kreftregisteret.

Informasjon om rettar, og korleis du kan reservere deg, finn du på kreftregisteret.no/mammografi

Ynskjer du ikkje invitasjonar?

Gje beskjed via kreftregisteret.no/mammografi, eller ved å kontakte Kreftregisteret på tlf. 22 45 13 00 eller e-post mammografi@kreftregisteret.no.

Unngå å sende fødselsnummer og helseopplysningar i e-post!



Følg oss gjerne på Facebook

www.facebook.com/kreftsjekken